



Jnr. 1144.20
THM/aat

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland
Ordførar og kommunedirektør i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
fredag 16. oktober 2020 kl. 09.00 hos Kaien AS, Tingvegen 74, 5555 Førde

Tidsplan:

Kl. 09.00 Møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Kl. 11.00 Lunsj
Kl. 11.30 Møte med stortings-/og fylkespolitikarar frå Vestland
Kl. 15.00 Møteslutt

Sakslista:

Sak 43 /20 Godkjenning av referat frå 4. september d.å.
Sak 44/20 Morgondagens omsorg
Sak 45/20 Fengsel i Sveio – vidare arbeid
Sak 46/20 Årlege fellesmøter med andre aktørar/regionar
Sak 47/20 Skriv og meldingar
a) Strategiplan fiber og energi
b) Regionalt kompetanseforum
c) Møte med Atheno 26. oktober d.å. - moglege samarbeidsområde
d) Prosjektorientering
Sak 47/20 Ymse

Sunnhordland, 8. oktober 2020

Tora Haslum Myklebust
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Møtebok

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 16. oktober kl.09.00
Kaien AS, Tingveggen 74, Førde i Sveio

Sak 44/20
THM/aat

Morgondagens omsorg

Eldrebolga som i lengre tid har vore omtale, er like rundt hjørna. Til dømes viser KS sin oversikt at berre Stord kommune aleine skal auke med 155 nye årsverk i helse og omsorgssektoren innan 2028. Utfordringane som møter kommunane er omtala i ulike rapportar, og på regjeringa si side under helse og omsorg står dette:

«Omsorg 2020 er regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020. I tråd med tiltakene i stortingsmeldingen om Morgendagens omsorg, ønsker regjeringen å legge til rette for en langsiktig omstillingsprosess som kan sikre nyskaping og utvikling av nye og forbedrede løsninger i omsorgssektoren. Forenkling, fornying og forbedring av offentlig sektor er ett av regjeringens hovedsatsingsområder. *En forutsetning for fornyelse og innovasjon i omsorgssektoren er kommunal handlefrihet til å utvikle fag, ledelse, ny teknologi og nye organisasjonsformer.*»

Kilde: <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/helse--og-omsorgstjenester-i-kommunene/innsikt/omsorgsplan-2015-og-2020/id737786/>

Vurdering:

Problemstillingane er mange, og nokon av hovudutfordringane som peikar seg ut er:

- Rekrutteringa er ikkje høg nok. Det kan skuldast ulike årsaker, men noko av det som blir påpeika er ugunstige stillingsprosentar. Det er få 100% stillingar, då spesielt for fagarbeidar helse og omsorg (differansen i lønn mellom sjukepleiar og fagarbeidar helse og omsorg er ikkje stor). Dei ugunstige stillingsprosentane kan henge saman med turnusane som skal gå opp, med jobb kvar tredje helg.
- Ein anna problemstilling er at mange vel seg vekk frå helse og omsorgs yrket etter kort tid. Det blir atter ein gong peika på dei ugunstige stillingsprosentane og krevjande oppgåver.
- Eldrebølga vil føre til ytterlegare økonomiske utfordringar for kommunane.

Korleis kan kommunane løyse punkta over jmf. Stortingsmelding Morgondagens omsorg? Den peiker på fornying og innovasjon, og kommunane sin handlefriheit til å utvikle fag, leing, ny teknologi og nye organisasjonsformer. Administrasjonen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland la den 2. oktober fram eit forslag i AU, om å sette i gong eit studentprosjekt i samarbeid med Haugaland Vekst.

Haugaland Vekst har under sitt omdømmeprojekt eit arrangement for studentar som går over seks veker om sommaren og heiter Sildikon Valley. Dette er ein sommarjobb kor studentane er med å løyser konkrete utfordringar bedriftene står ovanfor, ikkje dagleg drift. Dette for å sikre regionen nyskaping og rekruttering av god arbeidskraft. I 2019 var det over 400 søknader, som førte til 47 sommarjobbar fordelt på 10 bedrifter. Dei 10 bedriftene si evaluering var at dette var vellykka og bør gjentakast. Prosjektet førte til fem tilsetjingar, økt samarbeid på tvers av bransjar, privat og offentlig, og nokon idear blei realisert.

Haugalandet og Sunnhordland er i stor grad same bu og arbeidsregion, og det ville vore ein stor pluss om me kunne fått til eit prosjekt saman på dette feltet. Eit prosjekt med fokus på Morgondagens omsorg, med kommunane i Sunnhordland og på Haugalandet som arbeidsgjevar, gjerne saman med Helse Fonna og HVL. Prosjektet kunne bestått av tverrfaglege studentgrupper, som tok for seg ulike problemstillingar. Ein kan tenke seg studentar frå HVL, NHH, BI, NTNU, som studera samfunnsøkonomi, teknologi, helse etc. Prosjektet kostar kr 25.000 pr bedrift/arbeidsgjevar, samt kr2.500 pr student ein skal ha med i prosjektet. Haugaland Vekst har tilbyd prosjektet til kr 15.000 for partnarane i omdømmeprojektet.

Framlegg til vedtak:

Administrasjonen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland kartlegg fram mot neste møte i Samarbeidsrådet, om Haugland Vekst og kommunane på Haugalandet har interesse for eit felles studentprosjekt innan helse og omsorg og kva det vil koste pr kommune.

Møtebok

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 16. oktober kl.09.00
Kaien AS, Tingvegen 74, Førde i Sveio

Sak 45/20
THM/aat

Fengsel i Sveio – vidare arbeid

I Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt møte 22. juni 2018 blei følgande punkt samrøystes vedtatt:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at det føreligg god og grundig dokumentasjon på at Haugesund fengsel må erstattast med eit nytt høgrisiko fengsel i regionen.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland tilrår at nytt høgrisikofengsel for Vestlandet skal lokaliseras i Sveio kommune.
3. Sandeid fengsel må få rammer til å vidareutvikla seg som eit lågrisikofengsel.
4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ønsker godt samarbeid med Haugaland vekst for å sikre eksisterande og nye arbeidsplassar.
5. Samarbeidsrådet for Sunnhordland oppmodar Haugaland vekst regionråd om å støtte dette vedtaket.

Den 29. september 2020 gjekk regjeringa ut med ei pressemelding, som viser at foreløpig analyse av fengsla på vestlandet bør reduserast frå 10 mindre fengsel til tre større fengsel:

«Nylig har Kriminalomsorgsdirektoratet gjennomført konseptvalgutredningen for varetekt- og straffegjennomføringskapasitet på Vestlandet. Arbeidet ble utført med bistand fra Dovre Group Consulting AS. Utredningen har siden blitt kvalitetssikret av Menon Economics, DNV GL og ÅF Advansia. KVVU'en anbefaler å øke fengselskapasiteten og erstatte dagens fengsler på Vestlandet med tre nye større fengsler. Det anbefalte alternativet innebærer færre og større enheter i form av nybygg, og konsentrert rundt byene Stavanger, Bergen og Ålesund.»

Kilde: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/utredning-om-varetekt--og-straffegjennomforingskapasitet-pa-vestlandet/id2766792/>

På bakgrunn av denne pressemeldinga vart det i AU 2. oktober spelt inn eit behov for å drøfte denne saka på nytt. Administrasjonen legg saka fram til drøfting i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Drøfting:

Vedtak:

Møtebok

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 16. oktober kl.09.00
Kaien AS, Tingvegen 74, Førde i Sveio

Sak 46/20
THM/aat

Årlege fellesmøte med andre aktører/regionar

Det vart i AU 2. oktober d.å. orientert om moglege samarbeidsflater med Atheno.

Tidlegare i år vart Samarbeidsrådet invitert til fellesmøte med Toppleiarforumet i Atheno, som vart gjennomført 5. mars hos Atheno.

Vidare var det planlagt møte med Regionrådet for Haugalandet 5. juni. Dette møtet måtte utsetjast grunna koronasituasjonen.

I AU 2. oktober foreslo styreleiar Morten Storebø i tillegg å ha fellesmøte med Hardangerrådet og Regionrådet for Nordhordland. Blant anna med tanke på det pågåande samt vidare arbeidet med regionsreforma og regionrådet si rolle opp mot fylkeskommunen.

AU fremma at det i første omgang skulle gjennomførast eitt møte i året med dei ulike aktørane.

Vurdering:

Både Strategisk plan for Samarbeidsrådet 2018-2021 og Handlingsplan 2020 tek føre seg viktigheita av samarbeid med andre aktører og regionar.

Administrasjonen legg opp til årlege fellesmøte med følgjande organisasjonar:

1. Regionrådet for Haugalandet
2. Hardangerrådet og Regionrådet Nordhordland
3. Toppleiarforumet i Atheno

Dato for dei årlege fellesmøta må koordinerast med dei ulike aktørane og vil verta lagt fram saman med forslag til møteplan for 2021. Det kan også vera naturleg at aktører/regionråd inviterer annakvart år til fellesmøte.

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet avtalar årlege fellesmøte med følgjande aktører:
 - Regionrådet for Haugalandet
 - Hardangerrådet og Regionrådet Nordhordland
 - Toppleiarforumet i Atheno
2. Administrasjonen samordnar møtedatoar med dei andre aktørane

Møtebok

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 16. oktober kl.09.00
Kaien AS, Tingvegen 74, Førde i Sveio

Sak 47/20
THM/aat

Skriv og meldingar

a) Strategiplan fiber og energi

I representantskapet 15. mai d.å. kom det innspel om behovet for ein regional Strategiplan for fiber og energi. AU drøfta saka i møte 2. oktober og informerte om at kommunane har eigne planar og ikkje ynskjer å nytta regionrådet til dette arbeidet.

b) Regionalt kompetanseforum

Administrasjonen etterspurde i AU 2. oktober om strategi for korleis ein kan samarbeida politisk på tvers av dei ulike vidaregåande skulane i regionen for eit optimalt studietilbod.

AU bed administrasjonen sende førespurnad til kommunane og be om innspel til gode bedrifter/personar til kompetanseforumet. Personane må ha god eigenskap til å «løfte blikket» utover sin eigen kommune til eit regionalt perspektiv.

AU meiner også at inntakskontoret må ha ei stor rolle inn i arbeidet med t.d. samordning av evt. ledige plassar på dei ulike linjene/tilboda.

c) Møte med Atheno 26. oktober d.å. - moglege samarbeidsområde

Administrasjonane inkl. prosjekttilsette i Samarbeidsrådet og tilsette i Atheno har avtalt møte/samling måndag 26. oktober d.å. for å finne moglege samarbeidsflater.

Aktuelle områder kan vera:

- Omdømmeprojektet for Sunnhordland
- Attraksjon Sunnhordland
- Reiseliv
- Topleiarforum

d) Prosjektorientering

- Miljøfyrtårnsertifisering av kommunane
- Bussen i Sunnhordlandsbassenget
- Omdømmeprojektet i Sunnhordland
- Reiselivsprosjekt
 - Geopark Sunnhordland
 - Berekraftig reisemål
 - Deltakardriven produktutvikling
 - Det finns ei hamn
 - Sunnhordland – hjelp i ord og handling